

Ville ikkje ha takketalar

Stein-Erik Ovesen

Det var svært så tydeleg at det 1.200 personar store premierepublikummet for «Les Misérables» var skikkeleg nøgde med det som dei fekk servert. Gong på gong var det kraftig applaus for open scene. Dette spesielt i samband med dei mange utruleg vakre solonummera, men også etter scener der heile ensemblet song «så taket letta». Ein gong og to var publikum faktisk så ivrige til å koma med ros at applausen kom før songen var heilt ferdig – slik som då Javert klatra oppover på dei store husa inntil bergveggen i Amfiet. Og ved nokre høve var applausen nesten upassande, men likevel både forståeleg og høgst fortent. Som i dødsscena til Eponine, der ho og Marius har ein svært så vakker duett. Denne stoppa då Eponine døydde – og då kom applausen... Rett nok ikkje langvarig og sterk, då det jo ikkje heilt høvde i samband med handlinga, men ein svært så velfortent applaus for songprestasjonane!



GLADE: Regissør Amalie Nilssen og produksjonsleiar og styreleiar Kjell Arne Røksund var svært så letta og glade umiddelbart etter premieren fredag kveld. Både dei og dei øvrige involverte fekk langvarig ståande applaus som takk for dagar, veker og månadar med eit enormt arbeid.

Ståande applaus

Den tjue minutt lange pausen vart utvida med nokre minutt, slik at alle publikumarane skulle koma seg på plass att. Og sjølv framsyninga tek tre timar utanom pausen. Så klokka nærma seg eitt på natta då avslutningsnummeret var ferdig og den enormt kraftige ståande applausen tok til. Applausen rulla gong på gong over ensemblet, orkesteret og alle dei som har gjort ein kjempejobb på dei tekniske og praktiske førebuingane. Publikum klappa, orkesteret spela, ensemblet jubla og var glade for at no var ein i mål. Og mange var me som venta at no kom det til å koma både ein og fleire svært så velfortente takketalar til både Bømlø Musikal Laug og til alle dei som stod bak den utruleg flotte «Les Misérables»-framsyninga. Mange store og flotte blomebukettar var også observert kringom i Amfiet. Men ingenting skjedde. Det vart ein slags antiklimaks at publikum tusla ut i nattemørkret utan at ein einaste hadde gjeve verbalt uttrykk for kor stort heile publikum syntast at dette var.

Burde ha opna for takketalar

Eit ord med regissør Amalie Nilssen og produksjonsleiar og styreleiar i Bømlø Musikal Laug, Kjell Arne Røksund, avklarar at det var dei som hadde bestemt at det i grunnen var for seint på natt til å halda på publikum. Og m.a. var ordførar Inge Reidar Kallevåg mellom dei som hadde bede om å få takka. Det er greit nok at dei som stod bak «Les Misérables» syntast at det var seint på natta. Men eg er overtydd om at dei med glede hadde venta nokre få minutt til for å få høyra einkvan uttrykka kor glade alle saman var for denne store opplevinga! Og den verbale takken hadde i så fall vore skikkeleg velfortent... Men eg kan ikkje forstå anna enn at alle «Les Misérables»-folka likevel høyrar masse god-ord «på bygda» og at avisene i går og i dag vert fulle av rosande kritikkar!